



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Saksprotokoll

---

**Utvalg:** Fylkesutvalget  
**Møtedato:** 05.06.2012  
**Sak:** 106/12

---

### Resultat:

**Arkivsak:** 12/8020  
**Tittel:** **SAKSPROTOKOLL: HØYRINGSFRÅSEGN TIL LOV OM FOLKEBIBLIOTEK**

### Behandling:

#### Det ble protokollert:

Gro Skartveit, V fremmet følgende forslag som alternativ til avsnittet om "*Kompetansekrav til biblioteksjefer*":

Rogaland fylkeskommune ser på god og relevant kompetanse som grunnleggjande for gode bibliotektenester i kommunane. Me støtter derfor intensjonen bak alternativ 1 om å bidra til god bibliotekfaglig kompetanse i alle kommunane. Samstundes er bibliotektenestene eit kommunalt ansvar og alternativ 1 er problematisk ut frå omsynet til det lokale sjølvstyret og prinsippet i statens retningslinjer for styring av kommunane om at kommunane sjølv må være ansvarlig for å tilsette naudsynt og tilstrekkelig personell med relevant kompetanse, utan statlige krav til særskilt definert personell. Alternativ 1 vil samstundes føre til at mange kommunar vil tvingas til å inngå i forpliktande samarbeidsløysningar med andre kommunar. Dette er problematisk ut frå prinsippet om at kommunane skal stå fritt til å organisere sine bibliotektenester på den måten dei sjølv ser på som mest hensiktsmessig ut frå omsynet til å gi gode bibliotektenester til sine innbyggjarar. Fylkeskommunen støtter derfor alternativ 2 om at kommunane må syte for personell med god og relevant kompetanse gjennom å forskriftsfeste funksjonskrav knytt til ein biblioteksjefstilling, i valet mellom dette og alternativ 1, som ikkje gir høve til å gjere unntak.

### Votering:

Innstillingen med Skartveits alternativ til avsnittet om "*Kompetansekrav til biblioteksjefer*" tiltres enstemmig.

### Vedtak:

Rogaland fylkeskommune meiner at framlegga til endringar i Lov om folkebibliotek i det store og heile både er fagleg gode og bidreg til å klårgjera ansvar og funksjonar i

folkebiblioteksektoren. Det er likevel nokre moment me er usamde i, og nokre moment me meiner må takast omsyn til i det endelege lovframlegget.

### **Harmonisering av lover for folkebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek**

Rogaland fylkeskommune meiner at departementet er for optimistisk på vegner av den gode viljen når ein avviser meir formalisering av fjernlånssamarbeidet mellom universitets- og høgskulesektoren (UH-biblioteka) og folkebiblioteksektoren. Det aller meste av mediebudsjetta til UH-biblioteka blir allereie nytta til digitalt materiale. Noko av det er tilgjengeleg for fjernlån gjennom utskrift til papir, men dette gjeld oftast berre einskildartiklar eller –kapittel frå bøker. Rogaland fylkeskommune meiner at ei lovfesting av fjernlånssamarbeidet mellom dei ulike delane av biblioteksektoren vil vera ei viktig stadfesting av samarbeidet som eksisterer, samstundes som det då vil vera med som ein føresetnad når UH-biblioteka driv innkjøpsarbeid mot nasjonale og internasjonale leverandørar. Me ser allereie at det er stor skilnad i praksis mellom UH-biblioteka når det gjeld kor mykje dei prioriterer fjernlån og kor godt dei tilgjengeleggjer både fysiske og digitale samlingar for folkebiblioteka sine lånarar. Det er viktig å slå fast at offentleg finansierte bibliotek har nokre felles plikter og rettar overfor kvarandre, der fjernlån er den viktigaste. Difor ønskjer me at departementet står ved det som blir sagt i Bibliotekmeldinga:

*”Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet vil harmonisere lovverket for folkebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek for å styrkje samarbeidet mellom biblioteka”.*

### **Justeringar av føremålsparagrafen**

Rogaland fylkeskommune støttar endringane som blir gjorde, og meiner at dei vil stadfesta og auka rolla til folkebiblioteka som ein viktig offentleg arena i lokalsamfunna.

### **Organisering og drift av bibliotektenester**

Rogaland fylkeskommune støttar dei små endringane som blir gjorde. Det er viktig at ein held på den lokale tilknytninga til folkebiblioteket, samstundes som det er ein viss fleksibilitet og lokal valfridom i høve til korleis ein skal samarbeida med andre. Når føremålsparagrafen blir meir innhaldsrik i høve til kva rolle biblioteket skal ha, er det òg greitt at kommunane berre skal forhalda seg til lova og forskriftene når ein fastset reglement for folkebiblioteket.

### **Kompetansekrav til biblioteksjefar**

Rogaland fylkeskommune ser på god og relevant kompetanse som grunnleggjande for gode bibliotektenester i kommunane. Me støtter derfor intensjonen bak alternativ 1 om å bidra til god bibliotekfaglig kompetanse i alle kommunane. Samstundes er bibliotektenestene eit kommunalt ansvar og alternativ 1 er problematisk ut frå omsynet til det lokale sjølvstyret og prinsippet i statens retningslinjer for styring av kommunane om at kommunane sjølv må være ansvarlig for å tilsette naudsynt og tilstrekkelig personell med relevant kompetanse, utan statlige krav til særskilt definert personell. Alternativ 1 vil samstundes føre til at mange kommunar vil tvingas til å inngå i forpliktande samarbeidsløysningar med andre kommunar. Dette er problematisk ut frå prinsippet om at kommunane skal stå fritt til å organisere sine bibliotektenester på den måten dei sjølv ser på som mest hensiktsmessig ut frå omsynet til å gi gode bibliotektenester til sine innbyggjarar. Fylkeskommunen støtter

derfor alternativ 2 om at kommunane må syte for personell med god og relevant kompetanse gjennom å forskriftsfeste funksjonskrav knytt til ein biblioteksjefstilling, i valet mellom dette og alternativ 1, som ikkje gir høve til å gjere unntak.

### ***Fylkeskommunen sine bibliotekoppgåver***

Rogaland fylkeskommune støttar i hovudsak endringane i dei føreslegne paragrafane om fylkeskommunale bibliotekoppgåver. Det er likevel eitt aspekt me meiner blir fråverande i lovteksten, og det er behovet for regional koordinering. I høyringsnotatet blir transportordningar trekt fram som noko fleire fylkeskommunar arbeider med. Dette er eit godt døme på regional koordinering som kommunane blir for små til å ta seg av sjølve. Difor gjer me framlegg om at "regional koordinering" blir teke inn i opplistinga av oppgåver i § 6 på denne måten:

"Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgaver og regional bibliotekutvikling, herunder gi råd til lokale myndigheter, yte bibliotekfaglig veiledning og assistanse, **bidra til regional koordinering**, og arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål.

### ***Lovtekniske endringar***

Rogaland fylkeskommune støttar framlegga, og meiner dei tydeleggjer ansvarsområdet til kommunane og fylkeskommunen.